



Organisten Felician Rosca frå Romania.

**Det vert ei stor oppleving når den internasjonale organisten FELICIAN ROSCA frå Romania gjestar Uskedal kyrkje med orgelkonsert torsdag 19.november kl.19.00. Konserten er ein del av INTERNASJONAL MUSIKKFESTIVAL i Kvinnherad som fellesrådet drar i gang saman med den dyktige organisten vår, Eva Megyesi.**

FELICIAN ROSCA er organist, professor og doktor frå Timisoara Musikk-Universitet i Romania. Konserten vil verta ein veldig interessant kveld med gamal orgelmusikk frå det 14.- og 15 århundre. Vi kjem med nærare førehandsomtale av konserten når den nærmar seg.

Den aktive og dugande Eva Megyesi hadde i fjor konsertar i alle dei 12 kyrkjene i kommunen vår. På nokre av desse konsertane hadde ho med seg gjestar. No har ho dratt i gang endå ei nyskaping, - Internasjonal musikkfestival i Kvinnherad. I tida framover vil det verta 12 flotte konsertar i dei 12 kyrkjene våre. Festivalen har då og fått namnet «**12 kyrkjer - internasjonal musikkfestival**». Hovudvekta vert på orgelmusikk, men det vert og m.a. korsong og korpsmusikk å høyra.

Konsertane er lagt til torsdagar, og første konsert vert i Kvinnherad kyrkje 29.oktober. Deretter vert det konsertar i Valen kyrkje og Husnes kyrkje før konserten i Uskedalen torsdag 19.november kl.19.00.



[Eva Megyesi drar i gang ny spennande musikkfestival](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døsland.